

DETALJREGULERINGSPLAN FOR ÅHEIM SENTRUM

Planidentifikasjon: 1511 20xx xx Eigengodkjenningsdato: xx.xx.2020 Eigengodkjend av: Vanylven kommunestyre

Kommunens sak/arkivnr: ephorte-mappe: ACOS-mappe: 19/

REGULERINGSFØRESEGNER

for detaljreguleringsplan for Åheim sentrum

Utarbeidd: 07.02.2020
Revidert: 29.04.2020
Vedtatt i kommunestyret i sak xx/xx, xx.xx.2020

§ 1. GENERELT

1.1 Planavgrensing

Reguleringsplanen omfattar planomtale, reguleringsføresegner, teikningar og reguleringsplankart i målestokk 1: 1000. Regulert område er vist med reguleringsgrense på reguleringsplankartet. Reguleringsføreseggnene gjeld for areal som ligg innanfor plangrensa. Innanfor grensene skal areala nyttast og bygningane plasserast som planen (plankartet og føreseggnene) fastset.

1.2 Andre bestemmingar

Desse føreseggnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

1.3 Privatrettslege avtalar

Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

1.4 Reguleringsformål

Planområdet er regulert til følgjande formål:

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1):

- Bustader (BK)
- Fritidsbustadar konsentrert (FK)
- Fritidsbustadar blokk (FB)
- Sentrumsformål (BS)
- Offentleg eller privat tenesteyting (BOP)
- Uthus/Naust/Badehus (U/N/B)
- Leikeplass (BLK)
- Grav- og urnelund (BGU)
- Bustad/forretning/kontor (B/F/K)
- Bustad/tenesteyting (B/T)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2):

- Køyreveg (SKV)
- Fortau (SF)
- Torg (ST)
- Gang- og sykkelveg (GSG)
- Gangveg/gangareal/Gågate (SGG)
- Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)
- Annan veggrunn – grøntanlegg (SVG)
- Hamn (SHA)
- Kai (SK)
- Kollektivhaldeplass (SKH)
- Parkeringsplassar (P)

Grøntstruktur (PBL § 12-5, nr. 3):

- Naturområde (GN)
- Turdrag og friområde (GTD)

- Turveg (GT)
- Park (GP)
- Vegetasjonsskjerm (GV)

Landbruks-, natur- og friluftsformål samt reindrift (PBL § 12-5, nr. 5)

- Landbruksformål (LL)

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (PBL § 12-5, nr. 6)

- Farled (VF)
- Hamneområde i sjø (VHS)
- Småbåthamn (VS)
- Naturområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (VNS)

Omsynsoner (PBL §12-6)

- Andre sikringsoner (H190)
- Hensyn grønnstruktur (H540)
- Bevaring kulturmiljø (H570)

Områdeføresegn (PBL 12-7, nr. 12)

- Krav om nærmare undersøkingar, overvaking og avklaring av verknadar (#)

§ 2. FELLESFØRESEGNER

2.1 Oppføring av tekniske innretninger

Innanfor byggeområda kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der nødvendig. Frittståande bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge tilpassa bebyggelsen elles i området.

2.2 Vedlikehald av kommunalteknisk anlegg

Kommunen skal ha rett til å nyte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.

2.3 Kulturminne

Dersom det i samband med utbygginga blir oppdaga automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje er kjent, skal arbeidet stansast i den utstrekning det berørte kulturminnet eller sikringssona på 5 meter kjem i konflikt med anleggsarbeidet. Funn skal straks meldast til fylkeskommunen si kulturavdeling, jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

2.4 Universell utforming

Fortau og gangareal skal byggast etter prinsippa om universell utforming.

2.5 Støy

- Rettleiar for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442) skal ligge til grunn for gjennomføring av reguleringsplanen. Målet er å oppfylle grenseverdi 55 dB (Lden) på uteoppahaldsplass og utanfor vindauge til rom med støyfølsam bruk. For innandørs støynivå i bustader er ambisjonsnivået 30 dB (Leq24h).
- Bustader som etter dei fastlagte støytiltaka likevel får eit støynivå over Lden 55 dB på uteoppahaldsplass eller over 30 dB innandørs, skal få tilbod om lokal skjerming og/eller fasadetiltak i samband med gjennomføring av reguleringsplanen. Ei oversikt over kva eigedomar må vurderast for mulige støytiltak, går fram av planomtalen kap. 5.8. Konkret utforming og utføring av lokale støytiltak blir avklart i samråd med den aktuelle eigaren, og eventuelt gjennom bygesaksbehandling dersom tiltaket er søknadspliktig. Ved fasadetiltak skal det sikrast tilfredsstillande ventilasjon i samsvar med byggeteknisk forskrift til plan- og bygningslova.
- For bygningar bygd før 1987 og der kostnadane med støytiltak blir uforholdsmessig høge, kan ein avvike frå grenseverdiane for innandørs støy med opp til 5 dB, tilsvarende krava i NS 8175 klasse D.
- Støytiltak skal være ferdigstilt før veganlegget blir opna for trafikk.

2.6 Byggegrense langs offentleg veg

Byggegrense til vegen følgjer veglova § 29 andre ledd, der anna ikkje er vist på plankarta. For hovudvegen vil byggegrensa vere 50 m frå senterlinja på vegen.

2.7 Tiltak langs offentleg veg

Ved tiltak langs vegen skal det ikkje gjerast terrenginngrep som gir vegkroppen dårligare stabilitet.

2.8 Frisiktlinje ved vegkryss

Innanfor frisiktlinje ved vegkryss skal det vere fri sikt i høgde 0,5 meter over tilstøytande vegar.

2.9 Landskapsbehandling og terrengrunning

- Nytt veganlegg skal utførast slik at det blir best mogleg tilpassa eksisterande terren og omgivnader. Alle skjeringar og fyllingar skal avsluttast inn mot terren, slik at sideområda får ein estetisk god utforming, og slik at overgangen mot eksisterande terren blir så naturleg som mogleg.
- Vilt- og sikringsgjerder skal plasserast på ein best mogleg estetisk måte i terrenget.

2.10 Tiltak i og langs vassdrag

Alle bekke-/elveomleggingar må ta omsyn til vassføring, erosjonssikring, biologisk mangfold og god istandsetting av landskapet. Det skal ikkje etablerast nye kulvertar/bruver som hindrar fisken i å passere. Det skal takast omsyn til kantsoner langs bekkar og elvar og dei må vernast på best mogleg måte. Det skal gjennomførast tiltak for å unngå tilslamming av vassdrag. Der kantsonen blir øydelagt, skal denne revegeterast/plantast så snart som mogleg.

2.11 Avvik i arealet for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Grunnverv skal skje i samsvar med godkjent reguleringsplan. Endringar innanfor område regulert til veg vil kunne skje som følgje av som for eksempel grunnforhold, feil kartgrunnlag og optimalisering av løysing.

2.12 Byggjesøknad

Saman med byggjesøknad skal det leverast plan for den ubygde delen av tomta (utomhusplan) i målestokk 1:200.

Planen skal vise:

- Plassering av bygning, møneretning, etasjetal, høgde og form
- Biloppstillingsplassar
- Planter, grøntområde
- Møblering
- Belysning
- Høgder og fall på terreng og murar
- Anlegg som støttemurar og liknande

Kommunen skal også sjå til at nybygg har arkitektoniske kvalitetar som speglar si eiga tid. Bygg og uteområde skal opparbeidast med god estetisk standard. Utforminga skal vere avdempa i forhold til fargebruk. Det må ikkje nyttast utvendig kledning, faste bygningselement eller taktekking som i material- og/eller fargebruk verkar dominante (t.d. signalfargar) eller skjemannde for omgjevnadane.

2.13 Gesimshøgder

Gesimshøgde skal målast som definert i Teknisk forskrift til plan- og bygningslova. Tillate gesimshøgder er oppgitt under dei enkelte bygeområda i føresegnene.

2.14 Avfallsconteinarar

Alle område skal haldast ryddig. Bygningar skal ha eigne rom for oppbevaring av avfallscontainarar. Utelagring er ikkje tillate.

§ 3. BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL § 12-5, NR. 1)

- Bustader (BK)
- Fritidsbustadar konsentrert (FK)
- Fritidsbustadar blokk (FB)
- Sentrumsformål (BS)
- Offentleg eller privat tenesteyting (BOP)
- Uthus/Naust/Badehus (U/N/B)
- Leikeplass (BLK)
- Grav- og urnelund (BGU)
- Bustad/forretning/kontor (B/F/K)
- Bustad/tenesteyting (B/T)

3.1 Bustader (BK)

Formål, utnytting og høgder

Område merka BK på plankartet er sett av til bustader.

Innanfor områda kan det setjast opp inntil to bueiningar per tomt.

Innanfor BK-områda kan bygningar førast opp med ei gesims på maksimalt 8 m og mønehøgde på 9 m. For bygg med flatt tak kan det førast opp bygg med gesims/møne på 8,5 m.

For BK 1-7, 9 og 10 er BYA sett til 30%.

For BK 8 er BYA sett til 50%.

For BK 11-14 er BYA sett til 40%.

3.2 Fritidsbustadar konsentrert (FK)

Områda FK 1-3 skal nyttast til konsentrert fritidsbustadar.

Innanfor områda kan det førast opp bygg med ei maksimal mønehøgd på 6,5 m rekna frå topp golv nærmast sjøen. Bygningane kan ikkje plasserast lavare enn 2,7 m over NN2000.



Innanfor FK 1-3 kan bygga settast opp som samanhengande fritidsbustadar i kjede med maksimalt 3 per rekkje. Det skal lagast illustrasjonsplan for utbygging av heile området før det vert gjeve byggjeløyve til første fritidsbustad innanfor områda. Parkering skal dekkjast på eiga tomt. Fleire einingar kan samlokalisere parkeringa. Det er ikkje tillate med gjerde, levegg eller andre stengsler som kan hindre ferdsla langs sjøfronten og mellom fritidsbustadane.

Maksimal grunnflate per fritidsbustad vert sett til 60 m².
For FK 1-3 er BYA sett til 50%.

3.3 Fritidsbustadar blokk (FB)

Område FB skal nyttast til fritidsbustad blokk.
Innanfor områda kan det førast opp bygg med flatt tak med ei gesims/mønehøgd på 10,5 m. Bygningane kan ikkje plasserast lavare enn 2,7 m over NN2000. Parkering er føresett dekt innanfor området og parkeringsplassane skal samlokalisera. Det er ikkje tillate med gjerde, levegg eller andre stengsler som kan hindre ferdsla langs sjøfronten og mellom fritidsbustadane.

For FB 1 er BYA sett til 70%.

3.4 Sentrumsformål (BS)

Områda BS 1-7 skal nyttast til sentrumsformål. Innanfor området kan det etablerast forretning, tenesteyting, bustadar, kontor, hotell/overnatting og bevertning samt anna som naturleg høyrer heime i eit sentrum.
1.etg. på bygga er forbeholdt utadretta verksemد som td. kontor og tenesteyting.
Innanfor områda kan det førast opp bygg med flatt tak med ei gesims/mønehøgd på 10,5 m.
Bygningane kan ikkje plasserast lavare enn 2,7 m over NN2000.

For BS 1, 2 og 4-7 er BYA sett til 70%.
For BS 3 er BYA sett til 100%.

3.5 Offentleg eller privat tenesteyting (BOP)

Område BOP skal nyttast til offentleg eller privat tenesteyting.
Innanfor BK-områda kan bygningar førast opp med ei gesims på maksimalt 8 m og mønehøgde på 9 m. For bygg med flatt tak kan det førast opp bygg med gesims/mønehøgde på 8,5 m.

For BOP er BYA sett til 70%.

3.6 Industri (BI)

Område BI skal nyttast til industriføremål.
Bygningar kan førast opp med gesimshøgde på maks 9m.

For BI er BYA sett til 50%.

3.7 Uthus/Naust/Badehus (U/N/B)

Område U/N/B skal nyttast til naustføremål
Bygningar kan førast opp med mønehøgde maks. 5m
Takvinkel skal vere mellom 25 og 45 gradar.

Nybygg skal i størst mogleg grad oppførast i likskap med stadlig sjøhusarkitektur og være i stil med omkringliggende naust i formspråk, takvinkel, materialval og fargeval.

Vindauge må vere av avgrensa storleik og samsvare med behovet knytt til naustfunksjonen. Vindaugearealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av hovudplanet sitt bruksareal (BRA).

Det skal ver mogeleg for ålmenta å ferdast framfor og mellom naust og naustgrupper. Det er ikkje tillate med gjerde/levegg eller andre stengsler i områda. Naust skal vere i tradisjonell stil med trekledning og enkel utforming utan ark, kvist og andre takopplett, balkongar, altan, karnapp eller liknande fasadeelement som ikkje er i samsvar med naustet sin funksjon. Fargebruken skal vere avdempa. Dette gjeld også fargen på lister og annan detaljering.

Område U/N/B 1 er eit bevaringsverdig naustmiljø på Åheim.

Det kan ikkje setjast opp nye bygg innanfor området utan særskilt løyve frå kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune.

U/N/B 2 på plankartet er naustområde som skal brukast til oppbevaring av båt og tilhøyrande reiskap/vegn. I naustområde skal det ikkje førast opp bygg anna enn i risikoklasse 1, jf. byggteknisk forskrift § 11-2. Det er forbod mot å innrei rom/loft i naust til varig opphold.

For U/N/B 1 er BYA sett til 35%.

For U/N/B 2 er BYA sett til 100%.

3.8 Leikeplass (BLK)

Område BLK er avsett til leikeplass i planen.

Delar av leikeplassen skal ved utbygging setjast i slik stand at den er eigna for leik og opphold.

Prinsipa om universell utforming bør så langt råd er leggjast til grunn slik at leikeplassen heilt eller delvis kan nyttast av alle. Leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast. Leikeplassen skal ha areal og utstyr nok til varierte aktivitetar som fremjar rørsleglede, gir allsidig rørsleerfaring, sanseerfaring og moglegheit for læring og meistring. Området skal ha god tilgjengelighet og ei utforming og ei opparbeidning som moglegger leik og spel på tvers av aldersgrupper, med naudsynt utstyr som alle kan bruke.

Leikeplassen skal minimum opparbeidast med sandkasse, benk, eitt leikeapparat og noko fast dekke. Delar av område skal nyttast til naturleg leik som td. akebakke.

f_BLK er leikeplas felles for BK 1-8.

Der leikeplassen grensar til trafikkareal skal det setjast opp gjerde.

3.9 Grav- og urnelund (BGU)

Område BGU er avsett til grav- og urnelund. Tilkomst til nye områder skal som hovudregel vere universelt utforma. Der det av terrengeomessige høve ikkje kan etablerast universelt utforma tilkomst skal ein ha så slak stigning som terrenget tillet. Grav- og urnelund skal tilpassast terren og miljø slik at området får ei heilsakleg utforming.

3.10 Bustad/forretning/kontor (B/F/K)

Område B/F/K 1-6 er avsett til bustad, forretning og kontor i kombinasjon. 1.etg. på bygga er forbeholdt utadretta kontor og tenesteyting. Frå 2. etasje kan det etablerast leilegheiter.

Innanfor området kan bygningar førast opp med ei gesims på maksimalt 8 m og mønehøgde på 9 m. For bygg med flatt tak kan det førast opp bygg med gesims/møne på 8,5 m.

Parkeringsplassane skal samlokalisera.

Bygningane kan ikkje plasserast lavare enn 2,7 m over NN2000.

For B/F/K 1-5 er BYA sett til 70%.

For B/F/K 6 er BYA sett til 100%.

3.11 Bustad/tenesteyting (B/T)

Område B/T er avsett til bustad og tenesteyting. Her kan det etablerast bygg til bustadføremål eller tenesteyting eller ein kombinasjon.

Innanfor området kan bygningar førast opp med ei gesims på maksimalt 8 m og mønehøgde på 9 m. For bygg med flatt tak kan det førast opp bygg med gesims/møne på 8,5 m.

Bygningane kan ikkje plasserast lavare enn 2,7 m over NN2000.

For B/T er BYA sett til 40%.

§ 4. SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5, NR. 2)

Formål

- Køyreveg (SKV)
- Fortau (SF)
- Torg (ST)
- Gang- og sykkelveg (GSG)
- Gangveg/gangareal/Gågate (SGG)
- Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)
- Annan veggrunn – grøntanlegg (SVG)
- Hamn (SHA)
- Kai (SK)
- Kollektivhaldeplass (SKH)
- Parkeringsplassar (P)

4.1 Køyreveg (SKV)

Område o_SKV skal nyttast til offentleg køyreveg, og omfattar vegbane med skulder, kryssområde og stopplommer.

Fv. 61 og 5850 har ei regulert vegbreidde på 7,5 m.

Fv. 5858 har ei regulert vegbreidde på 6,5 m.

Tilkomstvegen til byggefeltet ved BKS 1-8 har ei regulert vegbreidde på 6,5 m.

Andre tilkomstvegar til bustadområdet har ei regulert vegbreidde 5,5 m.

Mindre tilkomstvegar til bustadområdet har ei regulert vegbreidde på 4,5 m.

Det er ikkje tillate med andre avkjørsler til hovudvegen og på sidevegar enn dei som er vist på plankartet.

4.2 Fortau (SF)

Område o_SF skal nyttast til offentleg fortau.

Fortaua innanfor planområdet er regulert med ei breidde på 2,5 – 3,5 m.

Fortau skal byggjast etter prinsippet om universell utforming så langt det let seg gjere.

4.3 Torg (ST)

Område o_ST skal nyttast til torg.

Innanfor området kan det etablerast benkar og skulpturar samt andre tiltak som kommunen meinar høyrer naturleg heime på eit torg. ST skal sikre siktakser gjennom Åheim sentrum. Innanfor området kan det beplantast med låge planter som ikkje hindrar siktaksen sin funksjon. Det kan etablerast utsiktspunkt/fiskeplass mot Åheimselva

Torg skal byggjast etter prinsippet om universell utforming.

4.4 Gang og sykkelveg (GSG)

Område o_SGS skal nyttast til offentleg gang- og sykkelveg, og har ei regulert breidde på 3,0 meter.

Gang- og sykkelveger skal byggjast etter prinsippet om universell utforming.

4.5 Gangveg/gangareal/Gågate (SGG)

Område o_SGG skal nyttast til offentleg gangareal.

Gangveg/gangareal/gågate skal byggjast etter prinsippet om universell utforming.

4.4 Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)

Sideareal o_SVT, skal nyttast til skjeringar, fyllingar, grøfter, rekkverk, murar og eventuelle støyskjermingstiltak langs offentleg køyreveg. Teknisk infrastruktur som rør, kablar, slukar, skilt/skiltportalar, veglys og viltgjerder kan også plasserast innanfor arealet.

4.5 Annan veggrunn – grøntanlegg (SVG)

Sideareal o_SVG skal nyttast til skjeringar, fyllingar, grøfter, rekkverk, murar og eventuelle støyskjermingstiltak langs offentleg, felles og privat køyreveg. Teknisk infrastruktur som rør, kablar, slukar, skilt/skiltportalar, veglys og viltgjerder kan også plasserast innanfor arealet.

4.6 Hamn (SHA)

Område o_SHA er sett av til offentleg hamn.

I områda kan det tillatast oppføring av bygningar og anlegg som er naudsynt for offentleg trafikkavvikling.

4.7 Kai (SK)

Område o_SK er sett av til offentleg kai.

I områda kan det tillatast oppføring av bygningar og anlegg som er naudsynt for offentleg trafikkavvikling..

4.8 Kollektivhaldeplass (SKH)

Område o_SKH skal nyttast til haldeplassar for buss. Områda skal ha universell utforming.

4.9 Parkeringsplassar (P)

Parkeringsplassar skal ha fast dekke og skal planleggjast med ei hovudinndeling som gir rasjonell utnytting av plassen.

§ 5. GRØNTSTRUKTUR (PBL § 12-5, NR. 3)

- Naturområde (GN)
- Turdrag og friområde (GTD)
- Turveg (GT)
- Park (GP)
- Vegetasjonsskjem (GV)

5.1 Naturområde – grønnstruktur (GN)

Område GN er sett av til naturområde og grønnstruktur.

Områda skal nyttast til fritidsaktivitetar og ferdsel. Innanfor områda kan det gjerast tiltak av midlertidig karakter som fremjar aktivitet i alle aldersgrupper(td. bocciabana, volleyballnett, frisbeegolf). Områda skal vere tilgjengelege for ålmenta.

5.2 Turdrag og friområde (GTD)

Området o_GTD skal nyttast som turdrag og tilkomst til og frå byggjefeltet BK 1-8 mot Åheim sentrum.

5.3 Turveg (GT)

Området GT er avsett til turstiar. Innanfor området kan det opparbeidast turstiar som gjer den enklare å ferdast mellom Åheim sentrum og hamneområdet på Åheim. Dersom det er naudsynt for vintervedlikehald kan desse byggast med ei breidde på 3 m.

Turstiar skal byggjast etter prinsippet om universell utforming.

**5.4 Park (GP)**

Området GP er avsett til parkareal. Innanfor området kan det opparbeidast eit offentleg parkområde. Det vert tillate med tilplanting, benkar og liknande innafor området. Det er ikkje tillate å gjere tiltak i grunnen som senkar grunnvatnet i området.

5.5 Vegetasjonsskjerm (GV)

Området GP er avsett til vegetasjonsskjerm mellom bebyggelsen og Sibelco. Området har som formål å holde ein buffer mellom bebyggelsen og Sibelco. Området som er nytta til landbruksformål kan driftast som normalt, men det er ikkje tillate å sette opp nye tiltak på området.

§ 6. LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL SAMT REINDRIFT (PBL § 12-5, NR. 5)

- Landbruksformål (LL)

6.1 Landbruksformål (LL)

Område LL skal nyttast til landbruksformål.

I område med mykje vassig bak vegskjeringane er det tillate å bygge terregngrøfter.

§ 7. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE (PBL § 12-5, NR. 6)

- Farled (VF)
- Hamneområde i sjø (VHS)
- Småbåthamn (VS)
- Naturområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (VNS)

7.1 Farled (VF)

Område VF på plankartet er sett av til farleier.

Det er ikkje tillate å gjere tiltak som kan bli til hinder for ferdsel på sjø.

7.2 Hamneområde i sjø (VHS)

Område VHS på plankartet er sett av til hamneområde.

Det er ikkje tillate å legge leidningar eller rør i område til hinder for oppankring eller bruk av anker i samband med tillegging til kaier. Andre tiltak som kan bli til hinder for ferdsel på sjø skal ikkje tillatast.

Før tiltak i sjø kan settast i verk må det ligge føre løyve etter hamne- og farvannslova.

7.3 Småbåthamn (VS)

Område VS er sett av til småbåthamn.

Det kan etablerast med flytande, oppankra betongbrygge innanfor området.

7.4 Naturområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (VNS)

Områda merka med o_VNS på plankartet er sett av til naturområde i sjø og vassdrag. I område o_VNS kan tiltak som er nødvendig for vedlikehald av eksisterande plastringar mot sjøen tillatast.

§ 8. OMSYNSONER (PBL §12-6)

- Andre sikringsoner (H190)
- Hensyn grønnstruktur (H540)
- Bevaring kulturmiljø (H570)

8.1 Andre sikringsoner (H190)

I område rundt diesel/fyringsolje og propantank er det sett av sikringssone for brann-/eksplosjonsfare med ein radius på 30m.

Det er ikkje lov å føre opp bygningar i dette området.

Området skal gjerdast inne og sikrast for å unngå tilkomst frå uvedkommande.

8.2 Hensyn grønnstruktur (H540)

Område skravert med H540 skal sikre siktakser gjennom sentrumsområdet på Åheim. Innanfor området kan det beplantast med låge planter som ikkje hindrar siktaksen sin funksjon.

8.3 Bevaring kulturmiljø (H570)

H570_1 er regulert til bevaring av naustmiljø innanfor småbåthamna på Åheim. Innanfor området er det ikkje tillate å setje opp tiltak som kan skjemme kulturmiljøet eller gjere tiltak som er i strid med omsynet bak vernet.

H570_2 er regulert til bevaring av St.Jetmund kyrkje og området rundt. Det er ikkje tillate å setje opp tiltak som kan skjemme kulturmiljøet eller gjere tiltak som er i strid med omsynet bak vernet.

§ 9. OMRÅDEFØRESEGN (PBL 12-7, NR. 12)

- Krav om nærmare undersøkingar, overvaking og avklaring av verknadar (#)

9.1 Krav om nærmare undersøkingar, overvaking og avklaring av verknadar (#)

Område # 1 skal det gjennomførast nærmare undersøking av konsekvensane ved å etablere eit deponi for reine masser (steinmasser frå skipstunellen). Konsekvensutgreiing, jf. forskrift om konsekvensutredninger, må ligge føre før det vert gjeve løyve til oppstart av arbeidet.

§ 10. REKKEFØLGJEFØRESEGNER**10.1 Støytiltak**

Støytiltak skal være ferdigstilt før veganlegget blir opna for trafikk.

10.2 Leikeplass

Felles leikeplassar skal opparbeidast og ferdigstillast i tråd med krava i kommuneplanen sin arealdel før det vert gjeve mellombels bruksløyve og ferdigattest.

Leikeareal innanfor byggjeareala (MUA) skal opparbeidast samtidig med bustadhusa.

Reguleringsføresegna er sist endra 28.04.2020

Vedteke av Kommunestyret i Vanylven i møte den xx.xx.2020 (K-sak xx/20

Stad **Dato**
Fiskå **xx.xx.2020**

Lena Landsverk Sande
Ordførar Vanylven kommune